

Kva:	Møte nr. 22 i Skikrinsstyret 2023-2025
Tidspunkt:	12. mai 2025, kl. 20:00-21:30
Stad:	Digitalt via Microsoft Teams
Sakliste:	REFRATSAKER SAK 155 23-25 Godkjenning av innkalling og sakliste SAK 156 23-25 Godkjenning av protokoll nr.20 23-25 Skikrinsstyret SAK 157 23-25 Godkjenning av protokoll nr. 21 23-25 Skikrinsstyret SAK 158 23-25 Runde rundt bordet RAPPORTERINGSSAKER SAK 159 23-25 Rekrutteringsutvalet DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER SAK 160 23-25 Vårmøte og Skikrinsting 2025 SAK 161 23-25 Saker til Skikrinstinget 2025 SAK 162 23-25 Årsmelding 2023-2025 SAK 163 23-25 Handlingsplan 2025-2027 SAK 164 23-25 Anleggsplan 2025-2029 SAK 165 23-25 Handlingsplan 2025-2027 SAK 166 23-25 Arbeidet til Heidersteiknemnda fram mot Skikrinstinget 2025 SAK 167 23-25 Kandidatar til Bragdpokal, Talentpokal og Magnorpokal SAK 168 23-25 Valkomit� Sogn og Fjordane skikrins 2025-2027 EVENTUELT
Til stades:	Jorunn �sfrid R�yrvik, Anders Engeland, Hans Christian Amundsen, Jon Ove Lomheim, Roger Ellingsund, og Kennet Dvergedal (adm.)
Forfall:	Tor Arne Hov, Tonje N. Tangerud
Referent:	Kennet Dvergedal

REFRATSAKER

SAK 155 23-25

Godkjenning av innkalling og sakliste

Bakgrunn

Innkalling og sakliste er sendt ut p  f rehand.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste.



SAK 156 23-25 **Godkjenning av protokoll nr. 20 23-25 Skikrinsstyret**
Bakgrunn
Protokoll frå styremøte nr. 20 23-25 er sendt ut tidlegare og godkjent elektronisk. Protokollen er også vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner protokoll nr. 20 23-25.

SAK 157 23-25 **Godkjenning av protokoll nr. 21 23-25 Skikrinsstyret**
Bakgrunn
Protokoll frå styremøte nr. 21 23-25 er sendt ut tidlegare og godkjent elektronisk. Protokollen er også vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner protokoll nr. 21 23-25.

SAK 158 23-25 **Runde rundt bordet**
Bakgrunn
- Styreleiar orienterte om høyring frå styringsgruppa i organisasjonsutvalet.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

RAPPORTERINGSSAKER

SAK 159 23-25 **Rekrutteringsutvalet**
Bakgrunn
Møtereferat frå møter i rekrutteringsutvalet ligg vedlagt.

Adm. sjef orientera om saka i møtet.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 160 23-25 **Vårmøter og Skikrinstinget 2025**
Bakgrunn
Rammeplan for Skikrinstinget/ vårmøter 2025 på Thon Hotell Jølster, Skei:
kl. 17:00: Greinvisе vårmøter

- Alpint
- Hopp/kombinert
- Langrenn



kl. 19:15: Prisutdelingar

kl. 19:30: Skikrinstinget 2025

- Helsingar
- Tingforhandlingar

kl. 21:00: Avslutning

VEDTAK

Skikrinsstyret vedtek rammeprogram slik det føreligg.

SAK 161 23-25

Saker til Skikrinstinget 2025

Bakgrunn

Framlegg til sakliste til Skikrinstinget 2025 er lagt ved som eige vedlegg. Framlegg til saklista er i henhold til §16 i SFSK si lov.

Det er ingen inkomne saker frå laga til Skikrinstinget 2025.

VEDTAK

Skikrinsstyret vedtek saklista slik den føreligg.

SAK 162 23-25

Årsmelding 2023-2025

Bakgrunn

Framlegg til årsmelding 2023-2025 for Skikrinsstyret er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak ferdigstille årsmeldinga og publisere årsmeldinga i lag med tingdokumentet ihht. fristar i SFSK lov.

SAK 163 23-25

Handlingsplan 2025-2027

Bakgrunn

Framlegg til handlingsplan 2025-2027 er vedlagt.

Handlingsplanen byggjer på:

- Skipolitisk dokument 2024-2028 «*Skiforbundet vill*»
- SFSK hanlingsplan 2023-2025
- Workshop frå møte nr. 20 23-25 i Skikrinsstyret, 27. februar 2025

Tiltak til kvart delmål i planen vert utarbeida av nytt styre og nye komitear. Dette for å skape meir eigarskap til handlingsplanen i neste tingperiode.

VEDTAK

Skikrinsstyret vedtek handlingsplanen slik den føreligg.



SAK 164 23-25

Anleggsplan 2025-2029

Bakgrunn

Leiar i anleggskomiteen orienterte om arbeid i komiteen og framlegg til anleggsplan 2025-2029.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

SAK 165 23-25

Arbeidet til heidersteiknnemnda fram mot Skikrinstinget 2025

Bakgrunn

22. april 2025 sende Heidersteiknnemnda ut skriv til laga med oppmoding om å komme med innspel til kandidatar til skikrinsen sine heidersteikn.

Sogn og Fjordane Skikrins har følgjande utmerkingar:

- **Heidersmerket m/diplom**
- **Heidersstatuetten m/diplom**

Heidersmerket kan delast ut til personar som:

- administrativt eller som aktiv eller i kombinasjon har gjort ein stor innsats for skiidretten gjennom mange år
- på andre måtar gjennom mange år har ytt skiidretten store tenester

Heidersstatuetten kan delast ut til personar som:

- administrativt eller som aktiv eller i kombinasjon har gjort ein særskilt stor innsats for skiidretten gjennom mange år
- på andre måtar gjennom mange år har ytt skiidretten særskilt store tenester

Medlemar og styra i lag tilslutta skikrinsen, styret i skikrinsen og Heidersteiknnemnda kan komme med framlegg på kandidatar.

Skikrinsstyret gjer endeleg innstilling av kandidatar.

Heidersteiknnemnda består av:

- Leiar: Inge Fænn, Markane IL
- Medlem: Lilly Schøyen, Sogndal IL
- Medlem: Halvard Nygård, Førde IL



Heidersteiknemnda har ikkje mottatt framlegg av kandidatar til skikrinsen sine heidersteikn.

Oversikt over tidlegare tildelingar av heidersteikn er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om å dele ut følgjande utmerkingar:

Heidersmerket m/ diplom

- Tor Arne Hov, Kaupanger IL
- Laila Bosdal-Thorsen, Førde IL
- Vidar Taklo, Jølster IL

SAK 166 23-25

Kandidatar til Bragdpokal, Talentpokal og Magnorpokal

Bakgrunn

Etter framlegg frå greinkomiteane instiller Skikrinsstyret kandidatar til Bragdpokal, Talentpokal, Magnorpokal

Skikrinsstyret står også fritt til å komme med eigne framlegg.

Utmerkingane skal delast ut i samband med Skikrinstinget 2025.

Statuttar Bragdpokal:

Kan delast ut til den skiidrettsutøvar innan skikrinsen som, ut frå sine føresetnader, har levert den beste prestasjonen i sesongen.

Statuttar Talentpokal:

Kan delast ut til den jente og eller gut i kvar skigrein som har utmerka seg ved spesiell talentfull innsats

Statuttar Magnorpokal (delast ut 2 kvart år, tot. 4 stykkjer):

Utøvarane bør vere i alderen 12-16 år.

NSF sine Jubileumpokal:

Avslutta – NSF sin Jubileumpokal vart gjeven ut i 10 år frå 2014.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om å dele ut følgjande:

Bragdpokal:

- Johannes Årdal, Jølster IL - hopp
- Torje Seljeset, Hornindal IL - kombinert
- Andrine Mårstøl, Haugen IL – alpint
- Gjørn Tefre, Førde IL - langrenn
- Johan Olav Smørdal Botn, Stårheim IL – langrenn
- Simon Hjelmeset Kirkeeide, Markane IL – langrenn

**Talentpokal:**

- Jenny Bjørkhaug, Førde IL – langrenn
- David Engesæter, Førde IL – langrenn
- Othilie Bosdal Thorsen, Førde IL – langrenn

Magnorpokal:

- David Amsrud Husa, Førde IL – langrenn
- Ane Hjelmeset Kirkeeide, Markane IL – langrenn

SAK 167 23-25

Valkomite Sogn og Fjordane Skikrins 2025-2027**Bakgrunn**

Valkomite for 2025-2027 skal veljast på Skikrinstinget 2025 på fritt grunnlag, etter innstilling frå Skikrinsstyret.

Valkomiteen 2023-2025 består av:

Svein Olav Myklebust, Sogndal IL (leiar)
Bodil Ryste, Gaular IL
Knut Tore Nes Hjelle, Eid IL
Per Karstein Lambrechts, Førde IL (vara)

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om følgjande innstilling til Skikrinstinget:

Valkomit  2025-2027:

- Anders Felde, Breimsbygda IL (leiar)
- Bodil Ryste, Gaular IL
- Finn  rdal, J lster IL
- Per Karstein Lambrechts, Førde IL (vara)

EVENTUELT

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Jorunn  sfrid R yrvik (s)
Leiar

Kennet Dvergedal (s)
Adm. sjef